

## Instruks for inspeksjon ved Øystese skule.

I det førebyggjande arbeidet med trygt og godt skolemiljø er det viktig med gode rutinar kring nærværet av vaksne i friminutta. Hovudoppdraget er å fylgja med og gripa inn for å syta for at elevane har det trygt og godt i friminutta. Området vårt er oppdelte i 3 sonar. Gjer deg kjent med områda. Leinga syter for at nytilsette og vikararer orienterte om sonene. Leinga syter også for at vikararkjennert til instruksen for inspeksjon.

- Set deg inn i vaktplanen og ver presis på plass ute. Det er lærarane i dei ulike klassane som syter for at elevane kjem seg heilt ut.
- Har du inspeksjon skal du ha på deg gul vest og vera utstyrt med fløyte.
- Ute i friminuttet må du ha eit aktivt blikk, med fokus på elevane, ikkje ta unødig kontakt med andre kollegaer.
- Ser du elevar som ikkje er i samspel med andre vær nysgjerrig og undersøk. Hjelp elevar inn i fellesskapet.
- Krev situasjonen at det er trøng for fleire vaksne (større konfliktar eller skade), bles du i fløyta for å varsle. Hjelper ikkje dette, sender du inn ein elev for å henta fleire vaksne (Du må ikkje forlata situasjonen).
- Bussvakt: Pass på å halda elevane innanfor porten til aktuell skyss er på plass. Ta med telefon slik at du kan varsle leiing om det er mangelfull transport. Du kan også ringa direkte til transportselskapet (56553723).

**Om du har fått kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt, meld frå til rektor!**

Revidert 12. mars 2024

